



Mjelstad og Stokke rørleggerforretning AS  
Fotlandsvegen 39  
5282 LONEVÅG

Referansar:  
Dykkar: Bent Are Mjelstad  
Vår: 23/2154 - 23/16204

Saksbehandlar:  
Marit Nedreli  
marit.nedreli@osteroy.kommune.no

Dato:  
06.07.2023

## 118/17 og 118/49 Hjellvik - Søknad om utslepp og bygging av avlaupsanlegg - minireinseanlegg - vedtak

**Administrativt vedtak. Saknr: 193/23**

**Tiltak:** Søknad om utslepp og søknad om bygging av avlaupsanlegg - minireinseanlegg

**Byggjestad:** Gbnr: 118/17

**Tiltakshavar:** Signe Petra Morvik

**Ansvarleg søkjar:** Mjelstad og Stokke rørleggerforretning AS

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1, 20-2 og 20-3.  
Søknad om utslepp, jf. ureiningsforskrifta § 12-4.

- Forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta) FOR-2004-06-01-931.
- Forskrift om utslepp av sanitært avlaupsvatn frå mindre avlaupsanlegg, Osterøy kommune, FOR-2019-11-27-2275.

**Type utslepp :** Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe

**Kommunedirektøren sitt vedtak:**

### Utslepp - minireinseanlegg

"Med heimel i ureiningslova § 11 og ureiningsforskrifta § 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for utslepp frå fritidsbustad på gnr. 118 bnr. 17 og 49 på fylgjande vilkår:

1. Avlaup vert å føra via godkjent minireinseanlegg klasse 1 med biologisk/kjemisk reinsing til stadeigne lausmassar, jf. lokal kommunal ureiningsforskrift § 6.
2. Minireinseanlegg skal ha dokumentasjon av reinsegrad som tilfredstiller krava i lokal kommunal ureiningsforskrift.
3. Avlaupet skal plasserast i samsvar med situasjonsplan motteken 27.06.2023.
4. Tømming av reinseanlegget skal kunna utførast av offentleg tømmebil.

5. **Avlaupsanlegget skal utførast og vedlikehaldast i samsvar med gjeldande ureiningsforskrift kapittel 12, lokal kommunal ureiningsforskrift og administrative reglar for Osterøy kommune.**
6. **Det må inngåast serviceavtale for reinseanlegget før dette vert teke i bruk, og kommunen skal ha årleg årsrapport om utførte servicar, jf. lokal kommunal ureiningsforskrift § 8.**

### **Tiltak**

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-2 og § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak for bygging av avlaupsanlegg på gnr. 118 bnr. 17 og 49, på følgjande vilkår:

1. **Plasseringa skal vere i samsvar med Vestland fylkeskommune sitt vedtak av 16.01.2023, jf. plan- og bygningslova § 21-5.**
2. **Tiltaket skal plasserast som synt i situasjonsplan motteken 27.06.2023, jf. plan- og bygningslova § 29-4, jf. forskrift om byggesak § 6-3. Toleransegrense for plasseringa er 0,5 meter, jf. forskrift om byggesak § 6-3, bokstav b, så langt plasseringa ikkje kjem i strid med andre reglar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova.**
3. **Tiltaket skal knytast til privat avlaupsanlegg i samsvar med utsleppsløyve og utførast i samsvar med godkjent situasjonsplan.**

Seinast ved søknad om ferdigattest eller mellombels bruksløyve skal det sendast inn dokumentasjon for:

4. **Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.**
5. **Gnr. 118 bnr. 17 og gnr. 118 bnr. 49 skal samanføyast etter matrikkellova, jf. plan- og bygningslova § 21-4, 6. ledd, bokstav b."**

### **Tiltak**

Saka gjeld søknad om utslepp og bygging av avlaupsanlegg på gnr. 118 bnr. 17 og 49.

Det vert elles synt til søknad motteken 27.06.2023.

### **Planstatus**

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-område.

### **Dispensasjon**

Tiltaket krev ikkje dispensasjon frå plan- og bygningslova.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med ureiningsforskrifta § 12-4, nr. 2 og pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er synt i situasjonsplan motteken 27.06.2023.

Avstand til offentleg veg er opplyst å vere 15 meter. Vestland fylkeskommune har i vedtak av 16.01.2023 gjeve dispensasjon til plassering av avlaupsanlegg 15 meter frå vegmidte.

### **Vatn og avlaup (VA)**

Eigedomen skal vere sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

### **Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg s kjar har erkl ert at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og milj tilh ve som krev særskilte unders kingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

### **Tekniske krav til tiltak**

Tiltaket skal prosjekterast og f rast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. plan- og bygningslova   29-5.

## **VURDERING**

### **Ureiningslova**

Saka gjeld s knad om utslepp av sanit ert avlaupsvatn fr  fritidsbustad p  gnr.118, bnr. 17 og 49.

Det er i s knaden synt til at s knaden gjeld utsleppstad sone 4. Utsleppet sin storleik er 6 pe.

Utslepp er s kt via minireinseanlegg type 1 biologisk/kjemisk reinseanlegg til stadeigne lausmassar.

Det er eit vilk r for utsleppsl yvet at anleggseigar inng r serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget, jf. ureiningsforskrifta   12-4 nr 1 bokstav c, jf. kommunal ureiningsforskrift   8.

Kommunen gjev utsleppsl yve fr  fritidsbustad p  gnr. 118 bnr. 17 og 49 via biologisk/kjemisk reinseanlegg klasse 1 til stadeigne lausmassar.

### **Plassering**

Kommunen legg Vestland fylkeskommune sitt dispensasjonsl yve av 16.01.2023 til grunn for handsaminga.

Kommunen legg til grunn at gnr. 118 bnr. 17 og gnr. 118 bnr. 49 vert nytta under eitt. Eigedomane m  difor samanf yast, jf. plan- og bygningslova   21-4, 6. ledd, bokstav b.

Tiltaket vert godkjent plassert slik det g r fram av s knaden.

### **Tiltaksklasse**

Kommunen legg s kjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i   8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing fr  Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sj  at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

### **Konklusjon**

Kommunedirekt ren vurderer at sidan det ikkje er s kt om unntak vert det lagt til grunn at tiltaket skal oppfylle alle tekniske vilk r, jf. plan- og bygningslova   21-4. 1. ledd.

Kommunen gjev l yve til nytt utslepp fr  fritidsbustad p  gnr. 118 bnr. 17 og 49.

Kommunen gjev l yve til bygging av avlaupsanlegg p  gnr. 118 bnr. 17 og 49.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova   13-1, 6. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b. Det er høve til å be om utsett iverksetjing, jf. forvaltningslova § 42, 1. ledd. Part har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 18 og 19.

Dersom tiltak vert sett i verk før klagefristen er ute eller før det føreligg endeleg vedtak etter handsaming av eventuell klage, er eventuell retting av tiltak tiltakshavar sitt ansvar.

## **Til orientering**

Kopi av dette vedtaket, og andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 23/2154.

## **Ansvar**

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av ureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter ureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

## **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gjeve, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk, jf. ureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gjeve, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.*

## **Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet**

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med ureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Ureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa ureiningsproblem, kan ureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med ureiningslova § 18 og ureiningsforskrifta § 12-14.

## **Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

### **Mellombels bruksløyve/ferdigattest**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av tiltaket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

### **Gebyr**

Med heimel i plan- og bygningslova § 33, hamne- og farvasslova § 33 og ureiningslova § 52a med forskrifter og gebyrregulativ vedteke i Osterøy heradsstyre vert det fylgjande gebyr i saka:

<b>Kode</b>	<b>Skildring</b>	<b>Sum kr.</b>
10.2.7	Tiltak: avlaupsanlegg	4.300,-
17.2.1.a	Utsleppsløyve	6.000,-
	<b>Totalt gebyr å betala</b>	<b>10.300,-</b>

Kode	Art	Ansvar	Teneste	Kostnads stad	Objekt	Mva/Mva.k	Debet	Kredit
10.2.7	16200	69000	3021					4.300,-
17.2.1.a	16200	69000	3021		A00123			6.000,-

Tiltakshavar vil få tilsendt krav på gebyr for sakshandsaminga.

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. plan- og bygningslova § 21-4, sjette ledd.

### **Klage**

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Tore Johan Erstad  
leiar

Marit Nedreli  
fagansvarleg byggjesak

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Mjelstad og Stokke  
rørleggerforretning AS  
Signe Petra Morvik

Fotlandsvegen 39

5282

LONEVÅG

Sanddalsbotn 57

5221

NESTTUN